

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
028/22	Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd)	PS	28.11.2022
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/2463

## Suppleringsval til formannskapet Etter Roald Åge Kleppe

### Vedlegg:

Val av medlemmer og varamedlemmer til formannskapet for perioden 2019 - 2023 (1)  
**Rådmannen gir ikkje framlegg i valsaker**

### Arbeidsutval for innstilling i valsaker (valnemnd) - 028/22

#### VN - behandling:

Samarbeidspartia H, AP, SV og SP gjorde slik:

"Frå samarbeidspartia H, Ap, Sv og Sp er det ikkje fleire valgbare heradstyremedlemmer til formannskapet. Difor vil varalista sjå slik ut:

1. Jørgen Varden
2. Johannes Haugland
3. Øyvind Litland
4. Frode Flesland
5. Roy Jensen
6. Aksel Mjøs
7. Asgeir Presttun"

#### VN - vedtak:

Frå samarbeidspartia H, Ap, Sv og Sp er det ikkje fleire valgbare heradstyremedlemmer til formannskapet. Difor vil varalista sjå slik ut:

1. Jørgen Varden
2. Johannes Haugland
3. Øyvind Litland
4. Frode Flesland
5. Roy Jensen
6. Aksel Mjøs
7. Asgeir Presttun

#### Saksopplysningar:

##### Saksopplysningar:

Det er oppdaga ein feil i felleslista/Liste A (AP, SP, SV og H) sin varaliste til formannskapet. Roald Åge Kleppe, SV, kan ikkje vere vara til formannskapet då han er vara til kontrollutvalet, jf. Kommuneleva §7-3 tredje ledd bokstav b:

«Medlemmer og varamedlemmer av kontrollutvalget kan ikke velges som:

b. medlem eller varamedlem av formannskapet»

Etter den nye kommunelova skal kontrollutvalet veljast først i kommunevalsperioden. Roald Åge Kleppe vert valt inn som vara til formannskapet etter Elin H. B. B. Lona, jf. HS vedtak 077/21.

Roald Åge Kleppe, SV, vert difor tatt ut av varalista til formannskapet, og derav også varalista til administrasjonsutvalet og klagenemnda (etter fvl.). Felleslista sin varaliste vert då for kort, jf. Kommuneleva §7-6 femte ledd: «Hver liste skal tildeles varamedlemmer. Så langt det er mulig, skal det være to flere varamedlemmer enn faste medlemmer. Varamedlemsplassene fordeles i samsvar med andre og tredje ledd.»

jf. kommunelova § 7-10, syvende ledd:

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjetle ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter sjetle ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»

jf. kommunelova § 7-10, fjerde ledd:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttrede medlemmet tilhørte.»

### **Vurdering**

Jf. Kommentar 2 og 6 til kommunelova §7-10 fjerde ledd og rundskriv H-4/19 kap. 9.3 avsnitt 3 kan «gruppa» sjølv velje om dei vil erstatte representanten Kleppe med eit nytt varamedlem frå SV eller om dei vil velje frå eit anna parti. Det må også avgjerast om det skal være opprykk og etterfylling av lista eller direkte erstatning. Opphavleg val av formannskap finn ein i sak 063/19 i heradsstyret den 16.10.2019.

### **Konklusjon**

Saka vert sendt til valnemnd kor gruppa (felleslista: AP, SP, SV og H) sitt. Gruppa sjølv vel nytt varamedlem og avgjer korleis varalista no vert sjåande ut. Saka vert deretter sendt til heradsstyret for orientering.